

**Raumabanen, ei satsing på den grønne framtida**

Møre i Romsdal Venstre vil framleis ha godstrafikk på Raumabanen. Transport av gods på bane er eit miljømessig betre alternativ enn veg. Det er ikkje ønskjeleg med fleire trailerar gjennom Romsdalen for trafikktryggleiken. Venstre fryktar at avviklinga av godstrafikken vil truge passasjertransporten.

Venstre går fremst i arbeidet for eit nasjonalt nett av høgfartsbaner for gods-og persontrafikk. Vi utfordrar til eit breidt samarbeid for snarast mogeleg realisering. Vedtak om utbygging bør kome seinast i samband med Stortinget si handsaming av nasjonal transportplan våre 2017.

Noreg skal kutte klimautslepp med 40 prosent og høgfartsbane vil gi eit godt alternativ til store deler av trafikken vi har i dag via fly, bil og trailer og gi store kutt i norske klimautslepp.

Venstre vil leggje til rette for ny vekst i norsk nærings- og samfunnsliv i ein overgang frå oljealderen. Moderne høgfartsbaner vil redusere reise- og frakttider og gjere ulemper med avstander langt mindre.

Venstre meiner at ein høgfartsbane vil bygge landet saman og med det vil eksportfylket Møre og Romsdal, også kunne bli tilknytt eit attraktivt internasjonalt jernbanenett.